

# **University of Huddersfield Repository**

Siddiqui, Kalim

Gatt og overprod [GATT trade and developing countries]

# **Original Citation**

Siddiqui, Kalim (1994) Gatt og overprod [GATT trade and developing countries]. Klassekampen.


This version is available at http://eprints.hud.ac.uk/id/eprint/16760/

The University Repository is a digital collection of the research output of the University, available on Open Access. Copyright and Moral Rights for the items on this site are retained by the individual author and/or other copyright owners. Users may access full items free of charge; copies of full text items generally can be reproduced, displayed or performed and given to third parties in any format or medium for personal research or study, educational or not-for-profit purposes without prior permission or charge, provided:

- The authors, title and full bibliographic details is credited in any copy;
- A hyperlink and/or URL is included for the original metadata page; and
- The content is not changed in any way.

For more information, including our policy and submission procedure, please contact the Repository Team at: E.mailbox@hud.ac.uk.

http://eprints.hud.ac.uk/



16/2-94

evda at Gatt ' at anarkiet i ndbrukser og mata tek slutt. il gagne alle, · og fattige n ein fersk irå OECD og ken viser at to tredelar av med auka 1 kome i nda.

Tanzanianske bønder truga av Gätts frimarknads-politikk

# rprod Gatt og

KALIM SIDDIQUI

AFRIKA, Filippinane, Sri Lanka, Indonesia og andre fattige land vil inntektene falle med rundt sju milliardar dollar i året. Eg vil hevde her at avtala ikkje gjer noko med den verkelege åresaka til problema, overproduksjon i landbruket i industrilanda og matoverskotet som følgjer. Bruken av eksportsubsidiar for å dumpe dette overskotet på verdsmarknaden dei siste to tiåra har ført til alvorlege problem når det gjeld handel og matvaretryggleik i den tredje verda, og Gatt vil ikkje vinne over desse problema. I staden vil dei nye ordningane undergrave den retten den tredje verda har til å sikre eigne matsystem gjennom å kontrollere import og stotte eigen produksjon. Slik

blir risikoen for svolt større og ikkje mindre.

## Problema

Problema

La oss sjå på årsakene til problema i den internasjonale marknaden. Siste tiåret har problema auka dramatisk. Prisen for maten frå produsent har falt ned på nivået i 1930-åra, medan landbruksbudsjetta i industrilanda har stige og ført til handelskonfliktar, særleg mellom USA og EU. Det var mot denne bakgrunnen at landbruk vart eit viktig Gatt-tema. I 1980-åra har USA i namnet til den frie marknaden prøvt å skaffe seg marknadsdominans gjennom å bruke mangslags direkte og indirekte subsidieringar for å dumpe overskotet på verdsmarknaden. I Gatt argumenterer USA for å fjerne landbruksvern globalt og såleis

ta vekk hinder for eiga matdumping. I teorien vil også landbruket i USA måtte bøye seg for Gatt-reglane, men i røynda vil truleg landet halde fram politikken dei har følgt i meir enn seks tiår med statlege oppkjøp for å fremje produktiviteten i næringa.

# Overproduksjon

Overproduksjon

Den globale landbrukskrisa no kan vi
sjå på som overproduksjon i i-landa,
ein gigantisk produksjon som overgår
kravet frå heimemarknader. USA har
hatt problemet med overproduksjon i
det meste av etterkrigstida. Under
New Deal-politikken vart statsstøtte
for å ta jord ut av produksjon saman
med nøye importkontroll sett på som
tilskott til landbruksinntektene. Men
det mislykkast, brakklegginga reduserte jordbruksarealet, og bøndene

yart i staden oppmoda om å få mest nogleg ut av jorda, auke bruken av handelsgjødgel, sprøytemiddel og andre mekaniske innsatsfaktorar. Det førte til at produksjonen auka snøgt og at det vart matvareoverskot. – Og i 1960-åra pressa matoverskotet USA til å gjennomføre aggressive mateksportplanar. Som på eine sida hjelpte bøndene i USA til å bli kvitt overskota, men samstundes gjorde den tredje verda importavhengig.

I 1976 hadde USA fått meir enn 60 drosent av den globale kornhandelen.

I 1975 hadde USA fått meir enn 60 prosent av den globale kornhandelen. 20 år før hadde dei under 30 prosent. Over tredelen av kornet i USA vart eksportert, og bortimot halvdelen av dette gjekk til land i den tredje verda. I 50-åra importerte vesteuropeiske land matvarer frå USA, men nokre år seinare var situasjonen dras-

tišk endra, og desse landa produserte nok til eige forbruk. Frå sist i 60-åra tok EU-landa til å truge den dominansen USA hadde skaffa seg over verdas kornmarknad. EUs felles landbrukspolitikk (CAP) garanterte bøndene prisetstte, samtidig som bøndene vart oppmoda om å ta i bruk ny teknologi. På stutt tid auka produktiviteten drastisk, EU-landa tok til å sjå seg om etter nye marknader, og USA fekk. nye konkurrentar på verdsmarknaden.

Produktivitetsauken i USA var krytt til auka kapitalintensitet, nedgang i talet på gardar g vekst i storleik på gardane. Likeså i EU, der einersk rapport frå kommisjonen kjem til at rundt 2/3 av prisstetta i CAP går til 10 prosent av bøndene.

Tredje verda-landa betala maten

# IKS10

frå USA og EU mest med lån og også bla frå 1980 til -88. I EU vart det dobla med oljeinntekter for dei nyrike landa. Men med gjeldskrisa i 80-åra vart det vanskeleg å finne marknader for matoverskotet til USA/EU. Likeså verka den aukande sjølvforsyninga av mat i land som India, Indonesia, Malaysia og Pakistan til å redusere importbehovet. Behovet for mateksport steig en prosent i året i 80-åra mot fem prosent i ro-åra. Særleg råka dette eksporten frå USA grunnen kunstig heg dollar pris og at mange fattige land ikkje lenger vart i stand til å kjøpe mat. Mellom 1980 og -88 minka til dømes USAs marknadsdel for kveite frå 55 til 34 prosent. På same tid gjekk rås. USAs marknadsdel for kveite frå 55 til 34 prosent. På same tid gjekk rås. På ser lavere enn produksjonskostandastepisane nedover, medan gjeldsbara steig for bøndene i USA, likeins kostadene med landbruksstatte. Såleis vart landbruksbudsjettet i USA tido-

NYHETER



Franske bønder protesterar mot landbruksavtalen mellom USA og EU.

Storbritannia, som før hadde vore verdas største kornimportør, vart sjølvforsynt og med tida nettoeksportør på grunn av CAP-ordninga med garanterte prisar 30 prosent høgare enn før og kombinert med importavgifter. Sist i 50-åra importerte EU-landa rundt 25 millionar tonn korn årleg. I 1988 hadde dei eit overskot på 19 millionar tonn. Endå meir dramatisk var endringa for sukker. Garantert prisstotte gjorde at produksjoner skaut fårt. Frå nesten sjølvforsyning i 1975 er EU no verdas største sukkereksportør med fire millionar tonn, tre-

skaut färt. Frå nesten sjelvforsyning i 1975 er EU no verdas største sukkereksporter med fire millionar tonn, tredelen av heimeproduksjonen, på framande 'marknader. Subsidieringa pressa verdsmarknadsprisen ned og difor også eksportinntektene. Det er rekna ut at midt i 80-åra reduserte det sukkerprissane med i 61 prosent og førte til at Den internasjonale sukkeravtala kollapsa. Dette vart katastrofalt for fleir et tredje verde-land.

Tilgangen på billig importmat og speiinga av vestleg kommersiell propagnada har undergrave tradisjonelle landbrukssystem. I vest-Afrika har kveite og ris øydelagt lokal produksjon av rotvekster og kornplanter. Nyordninga gjorde at urbaniseringa skaut fart, medan matproduksjonen gjekkned. Den subsidierte mateksporten få USA og EU saman med matvarehjelp har fremja endringar i forbrukarsmak og gjort land kronisk avhengige av matimport. Tilgangen på billig importmat 'pressa ned lokale matprisar, og resultatet vart at bønden evart utestengde og at landbruksinvestringane kraup nedover.

# Dumpingspolitikk

Dumping\*politikk

Argentina har tapt omkring tre miliardar dollar årleg mellom 1985 og 90. halvparten av det dei årleg må betale i renter og avdrag på gjelda si. Det var ein direkte konsekvens av eksportdumpinga frå USA og EU. Endå verre vart det for afrikanske land sør for Sahara. Mais-dumpinga frå USA i Sør-Afrika til dømes tvinga styresmaktene i Zimbabwe til å redusere produsent prisane frå 109 til 60 dollar tonnet i 1988. Sjølvforsyningspolitikken fekk eit alvorleg tilbakeslag. USA/EU dumpa kvejte i Mali og i Burkina Faso til ein så låg pris som 60 dollar tonnet, fordi dei fekk hjelp av eksportsubsidiar. Produksjon heime kosta minet 100 dollar tonnet.

dollar tonnet.

Det blir hevda at overproduksjonen douar tonnet.

Det blir hevda at overproduksjonen kan kontrollerast globalt med å redusera subsidiar og difor prisar. Det kan sjå fint ut i teorien, men vil ikkje fungere i praksis. Produktprisar i EU har siste tiåret falt til under halvdelen. Men produktiviteten har halde fram med å vekse, og overskota av korn, kjøt og mjølkeprodukt like. På liknande vis har inntektsnedgangen for bendene mislykkast i å redusere overproduksjonen trass i dei mange konkursane siste tiåret. Krisa gjer at bønder bare kan halde inntektene oppe med å

redusere kostnadene per produsert vare. Dette har ført til konkursar for små og marginale bruk. Og storbønder kjøpar opp gerdane til gjebort-prisar. Resultatet blir færre gardar, men suke preduksion auka produksjon.

# Eins jordbruksstøtte

Eins jordbruksstøtte
Gattskil ikkje mellom jordbruksstøtte industriland og fattige land. Den tredje verda må redusere støtta med 15 til 30 prosent. Dessutan må dei importere minst tre til fem prosent årleg av forbruket. Paradokset er at for industriland utgjer jordbruket mindre enn fem prosent av BNP og av arbeidsplassane, medan det for den tredje verda utgjer meir enn to tredelar av arbeidsplassane. Gatt tek ikkje omsyn til at subsidieringa i industrilanda har ført til overproduksjon, medan subsidiena i den tredje verda har fremja sjølvforsyninga og inntektene til bøndene og hielpt bygdefolket mot feilernæring og fattigdom, hindra arbeidsløyse og ureining og fremja økologisk berekraftig landbruk.

Også industrilanda blir bedne om å redusere landbruksstøtte. Men når ein ser nøye, finn ein skilnader. Kravet om redusert støtte gjeld korkje mellomlegsebetalinga til bønder i USA, som kompensere for den låge prisen dei multinasjonale selskapa sel maten deira for eller inntektsstøtta til bønder i EU. I USA fastset såleis regjeringa prisen for dei fleste produkta, og såleis kunne konkurrere på internasjonale marknader. Dei som tener, er ikkje bøndene som får støtta, men dei store kornselskapa som Cargill, Continental Grain, Louis Dreyfus, Bungi, Andre & Co, Mitsi & Cook. Desse ordningane gier dei i stand til å utkonkurrera framade konkurrentar.

Marknadsilberalisering
Ein ser bort frå viktige spørsmål. Ei

# Marknadsilberalisering

Marknadsilberalisering
Ein ser bort frå viktige spørsmål. Ei
handfull industriland har gjort slik i
mange tiår, tek dei til å prate om liberalisering, og om å hindre den tredje
verda i å støtte sitt landbruk. Dei ser
vekk frå at produktiviteten og inntektene i landbruket i den tredje verda er
svært låg og treng støtte. Fjerning av
landbrukstøtte i industrilanda der
velferds- og trygdeordningar finst, er
ein ting. Noko heilt anna er det i den
tredje verda der slike ordningar ikkje
finst og der små subsidiereduksjonar
vil tvinge store mengder bygdefolk til
byane og såleis auke slum og kriminalitet. Det å tvinge den tredje verda til
marknadsliberalisme i landbruket vil
undergrave matproduksjoner, føre til
kronisk matmangal og suke arbebene undergrave matproduksjonen, føre til kronisk matmangel og auke problema med feilernæringa og svolt. Slik vil

kløfta mellom rike og fattige land auke. Resultatet blir at folk og land i den tredje verda blir øydelagde. Men dei multinasjonale selskapa tener.

Gatt-avtala legg ein plan for å integrere landbruket i den tredje verda i verdsøkonomien under herredømet til dei multinasjonale selskapa. Artikkel 14 i Gatt gir «spesiell og difførensiert behandling» for tredje verda-land. Men opning av marknader og undergraving av innanlandsk produksjon vil føre til meir alvorlege betalingskrisar. India må godta nulltariffar, gened store skilnader mellom innanlandske og internasjonale prisar på matvarer, vil det presse ned prisane innanlands. Når heimemarknadene, også der India i hovudsak er sjølvforsynt, må opnast for framande produkt, vil konsekvensane bli alvorlege.

Men den viktigaste konsekvensen vil bli for Indias matvarepolitikk knytt til det offentlege distribusjonssystemet (PDS). PDS må gjevast opp. Det inneber at det blir slutt på å distribuser mat til familiar med låge inntekter og matmangel. Likeså må India redusere statleg matlagring. Framleis avheng landbruket i India mykje av monsunvinden. Og om regnet uteblir, kan det føre til dramatisk nedgnag i landbruksproduksjon. Difor må India ha store nok matlager for å mete matkrisar. Men Gatta frimarknades-politikk hindrar slike lager for å mete matkrisar. Men Gatta frimarknades-politikk hindrar slike lager krev at dei blir fjerna. Dette vil overlatelandet til auka fære for svolt og setje millionar av livi føre.

Marknaden i den tredje verda for bassivarer er mve større enn markna.

illionar av liv i fare. Marknaden i den tredje verda for Marknaden i den tredje verda for basisvarer er mye større enn marknaden i den rike verda for visse luksusvarer innan matvegen for å tilfredsstille ei lita gruppe menneske i den tredje verda. Dessutan vil godane trulegi ikkje nå dei som dyrkar matvarer, men i staden dei få fleirnasjonale selskapa som dominerar verdshandelen på matvarer.

men i staden men i staden men i staden på matvarer.

Landbruk representerar ein langt større del av det totale budsjettet i den tredje verda enn det gjer i den utvikla verda. Til dømes utgjer jordbruket i prosent av brutto nasjonalproduktet i Tanzania, men berre 0,6 prosent i USA. Sjøl om Tanzania skulle få lettare tilgang til den amerikanske marknaden vil dei amerikanske selskapa vera i betre posisjon til å trengia inn og utnytta fordelene av ein open marknad i Tanzania avdi dei amerikanske bøndane har ein høgare produktivitet og eit nættverk av indirekte subsidier som dei tanzanianske bøndane manglar.

Her er det ikkje tal om fri tævling mellom likemenn. Den indirekte subsidierte maten frå dei utvikla landa vil truge levekåra for millioner av bøndar, vil tvingja dei til å forlete jorda for alternative jobber og dermed gjera dei sårbare for sult og underernæring.

Kalim Siddiqui har levert Doktor-avhandlingen i jordbruksøkonomi, senter for utviklingsstudier, Univer-sitetet i Bergen.

16.2.94

Klassekampen